



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat frå møte i Øystre Slidre Ungdomsråd

Dato/tid: 17.12.2020 kl.16.00

Stad: Ungdomens kulturhus Gapahuken

Møtt: Margrete Myrvold Hegge, Isak Ledel, Jostein Sørensen, Kristin Alfstad,

Fråfall: Ingrid Stalengen, Ingeborg Aastveit

For Øystre Slidre kommune: Øystein Skattebu

Infosaker:

Ungdomsklubb – tilsette/organisering over jul

Øystein informerte om klubbplanane etter jul. Hege og Øyvind er i permisjon, men det er no tilsett tre ekstrarhjelper som skal ha ansvar for aktiviteten på klubben på fredgar saman med Øystein fram til sumaren.

Informasjon frå UFT

Kristin informerte om siste møte i Ungdomens fylkessting.

11/20 Innspel – uteområdet på Furustrand

Kommunen har sett i gang eit utviklingsprosjekt for friluftsområdet Furustrand, og ynskjer innspel frå publikum på kva området bør innehalde av fasilitetar og funksjonar.

Ungdomsrådet drøfta saka, og kom med følgjande prioriterte innspelsliste:

- Gapahuk / lysthus / overbygg – med høve til å lage mat (grill el.l.)
- Stor og variert leikepark for born og ungdom
- Bryggeanlegg – utsetting rullestol
- Ballbinge – som også kan nyttast som skøytebane (tette veggar og sportsdekke)
- Vanntrampoline – oppblåsbar trampoline
- Serveringssted
- Større kiosk, med platting utanfor
- To toalett
- Lun parkbelysning

12/20 Innspel – Samfunnsdelen i kommuneplanen

Ungdomsrådet har drøfta samfunnsplanen i eige møte den 20.11, og 17.12.20.

20.11 hadde me besøk av ordføraren og Inger-Elisabeth frå administrasjonen, som presenterte innhaldet i planen for ungdomsrådet. Representantar for Natur og Ungdom i Øystre Slidre var og invitert til møtet.

Innspel:

Ungdomsrådet tykkjer det er gjort eit godt arbeid med planen. Det er ein kort og konkret plan, med gode og konkrete målsetjingar. Ungdomsrådet har ingen konkrete innspel til sjølve planen, men i gjennomgangen kom dei opp med følgjande kommentarar som kommunen kan ta med seg inn i vidare arbeid:

Lokalmiljø:



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Haldningsskapande arbeid:

Ungdomsrådet ynskjer at det er viktig med haldningsskapande arbeid i barnehagen og i grunnskulen. Ein Øystreslidring skal vere ein triveleg og real person, med folkeskikk og gode haldningar. Han skal vere tolerant ovanfor andre medmenneske, uansett legning eller føresetnader, unne andre sambygdingar suksess og bidra for dei som treng hjelp eller assistanse.

Kollektivtilbod:

Ungdomsrådet ynskjer at det vert jobba for å utvide det lokale kollektivtilbodet. Busstidene må vere relevante i forhold til arbeidstider og arbeidsstad. Det bør vurderast bruk av mindre bussar (fysisk mindre/ferre seter) på lokaleruter med mindre passasjertrykk.

Gode oppvekstvilkår:

Kommunen må tilby gode barnehagar, skular og eit rikt fritidstilbod for å sikre gode oppvekstvilkår, og for å vere ei attraktiv kommune å flytte til.

Miljø:

Miljøplan:

Kommunen bør ha sin eigen miljøplan.

Søppelkasser:

Det må på plass fleire søppelkasser i det offentlege rom, langs gangveggar og i område der folk ferdast, samt gode ordningar for tøming av desse.

Næring:

Kommunen bør satse på å få til fleir lærlingplassar.

Kommunen må ha mål om at me skal tilby attraktive stillingar innan oppvekst, helse- og omsorg.

13/20 UKM:


UKM 2021 skal arrangerast kommunevis i Valdres. Ungdomsklubben i Øystre Slidre har ansvar for vår mønstring, og ynskjer i hovudsak å gjere dette til ein ungdomsfestival over fleir dagar under mottoet; av ungdom for ungdom.

Øystein koordinerer arbeidet, som vil vere eit samarbeid mellom ungdomsklubben, ungdomsrådet og sal & scene på ØSUS. Det er også aktuelt å samarbeide med biblioteket, kulturskulen og andre.

Ungdomsrådet sine medlem seier seg villige til å vere med i arrangørgruppa. Arbeidet tek til rett over nyttår. Utgangspunktet for mønstringa i Øystre Slidre er 18-20.februar, 2021.

Stikkord til seinare arbeid: scenekunst / musikk, idrett/sport, gaming, mekkekultur /motor Workshop - Smiing/sløyd, hoppbakke

14/20 Konstituering av ungdomsrådet



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Grunna ein litt unormal haust med ferre møte, alternativt innhald og fleir nye medlem, valde ungdomsrådet å utsette konstituering av ungdomsrådet til dette møtet.

Etter konstituering 17.12.20, ser ungdomsrådet for 20/21 slik ut:

Kristin Alfstad – leiar

Jostein Sørensen – nestleiar

Margrete Myrvold Hegge

Ingrid Stalenget

Isak Ledel

Ingeborg Aastveit

Ref.

Øystein Skattebu